



Bakkeplaneringa langs kommunevegen på Dønhaug er ferdig.

Massane frå byggefeltet til Erlend Bjørnebøle kom verkeleg til nytte til bakkeplanering langs kommunevegen på Kjærindssido. Det vel 5 dekar store område er ferdigstillt i desse dagar.

Erlend Bjørnebøle har stort sett gjort arbeidet sjølv. Haugland Maskin har vore på plassen i innspurten. Det same har Olav Hjetland Bringedal. Det er han som slår og leiger dette arealet.

Med denne bakkeplaneringa vert område meir tilrettelagt. Det fører til ei enklare drift med maskinland like opp til veggen. Det er difor ikkje naudsynt med skrapslått lenger. Arbeidet på Dønhaug går inn i ei rekkje gode tiltak i landbruksnæringa for tida, anten det gjeld nydyrking eller bakkeplanering.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal